



Arthur Kleiveland

Referansar:

Dykkar:

Vår: 16/377 - 17/6305

Saksbehandlar:

Katarina Birkeland

katarina.birkeland@radoy.kommune.no

Dato:

15.05.2017

Endring av vedtekter for Radøy ungdomsråd

I vedtektene til Radøy ungdomsråd heiter det i § 6 at vedtektene skal takast opp til vurdering av Radøy ungdomsråd og kommunestyret innan 4 år. Vedtektene vart sist endra 18.juni 2015. Ungdomsrådet har i møte tysdag 7.februar drøfta vedtektene for rådet og gjer framlegg om endringar.

Den første endringa er i punkt under § 1. Ungdomsrådet ynskjer at det skal stå: § 1 e. Leiar, nestleiar og kontaktperson får tilsendt kommunestyredokument frå kommunestyresekretær når det er saker som omhandlar barn og unge i kommunen.

Ungdomsrådet meiner det er viktig at også nestleiar får nødvendige dokument.

Den andre endringa gjeld funksjonstida til representantane frå 8.-, 9.- og 10. klasse under § 2a. Ungdomsrådet ynskjer at det skal stå: Ein representant for kvar klasse på ungdomsskulesteget med vararepresentant av motsett kjønn. Minst 40 % av kvart kjønn. Vala skjer i kvar klasse. Representantane vart valt for 1 år.

Ungdomsrådet ynskjer at også 10.klassen skal veljast for 1 år om gangen. Begrunnelsen er at i perioden 2015/2017 har det vore store utskiftingar, der representantar har trekt seg og fleire reiser vekk på skule.

Den tredje endringa er i tilknytning til den over. Dei ynskjer å auke representantar frå vidaregåande frå 6 til 9 representantar. Ungdomsrådet merkar at vidaregåande representantar har vore veldig aktive, stabile og fungerer som rollemodell og rettleiarar for dei yngre. Derfor ynskjer ungdomsrådet at rådet skal ha lik samansetting av representantar på ungdomsskulen og vidaregåande. Men det er berre ungdomsskulen som har vararepresentantar. Ungdomsrådet synest dette vil styrke rådet og møta i rådet, spesielt med tanke på arbeidet fram mot ein ny storkommune.

Forslag til endringa i § 2b er:

Post

postmottak@radoy.kommune.no
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

Kontakt

Telefon +47 56 34 90 00
Telefaks +47 56 34 90 01

www.radoy.kommune.no
Konto 3636 07 00776
Org.nr. 954 748 634



RADØY
den grønne øya

Ni representantar for aldersgruppa 16-19 år. Alle lag, organisasjonar og andre som driv med aktivitet for barn og unge i denne aldersgruppa, kan koma med framlegg på representantar. Formannskapet oppnemner representantane for 1-2 år om gongen. Minst 40 % av kvart kjønn. Representantane kan seia frå seg vervet etter eitt år.

Den fjerde endringa er i § 4 a. Møteverksemd. Ungdomsrådet ynskjer å endre kor mange møter i semesteret det er frå minst 2 til minst 4. Endringa vert då:

§ 4 a. Radøy ungdomsråd har møte minst 4 gonger kvart semester, men elles så ofte det er behov. Møta er opne. Arbeidsutval har møte etter behov.

Den femte endringa er i § 4 b. Møteverksemd. Ungdomsrådet ynskjer at nestleiar, som også er ein del av arbeidsutvalet, skal samarbeide med leiar og sekretær om å senda ut innkallinga. Endringa vert då: § 4 b. Innkalling til møta med sakliste skjer frå Radøy ungdomsråd sin leiar og nestleiar i samarbeid med sekretær, minst ei veke på førehand. Saker som skal opp til handsaming, må vera sendt leiar/sekretær i god tid før møtet. Ungdomsrådet kan fritt fremja dei sakene dei er opptekne av.

Den siste endringa er i § 4.

Møteverksemd. Ungdomsrådet ynskjer å legge til i § 4 h:

For at ei sak skal gå igjennom må 50 % av alle medlemene i ungdomsrådet stemme for.

Med helsing

Katarina Birkeland
ungdomskoordinator

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Arthur Kleiveland
Jon Askeland